

B

Vedtekt til plan- og bygningslova § 105 om utforming og plassering av adresseskilt

Vedteken av kommunestyret i Ksak 33/03 den 10.04.2003

§ 1 Husnummerskilta, form og utføring

- 1 Husnummerskilta skal ha form og utføring i samsvar med Statens vegvesen sin skiltnormal, kap. II, avsnitt 7, skilt 770.
- 2 Tilvisingsskilt som eigar/festar blir pålagt å setja opp, skal ha form og utføring som vist i vedlegg til denne vedtekta.
- 3 Dersom eigar/festar ønskjer anna utforming av sitt husnummerskilt enn kravd i nr.1 eller nr. 2, kan kommunen i medhald av § 105 i plan- og bygningslova godkjenne andre utføringar dersom skiltinga blir minst like tenleg som ved bruk av fastsett standard. Unntaksløyvet skal vera skriftleg og mellombels.

§ 2 Skiltplasseringa

- 1 Husnummerskilt og tilvisingsskilt som eigar/festar skal setja opp, skal plasserast slik at det er tydeleg kva for adresseeining nummeret gjeld for. Plasseringa skal vera slik at nummerskilt eller tilvisingsskilt er lett synlege heile året, også etter det er mørkt, frå fellesveg som fører til adresseeininga.
- 2 Skilta skal om råd, plasserast ca 2.5 m over bakken til venstre for eller over ytre hovudinngangsdør til adresseeininga. Der slik plassering ikkje er synleg, eller dårleg synleg frå fellesvegen, skal adresseskilt eller tilvisingsskilt vera plassert ved veggen som fører til huset som adressa er knytt til.
- 3 Kommunen kan pålegga eigar/festar å setja opp tilvisingsskilt på sin eigedom der kommunen finn det turvande for å gjera det lett for ukjende å finna fram til adressa.

§ 3 Tidspunkt for skilting

- 1 Ved tildeling av adresse til eksisterande eigedomar eller pålegg om endring av eksisterande adresse, skal kommunen setja ein rimeleg frist for eigar/festar til å setja opp pålagde skilt. Fristen skal framgå av tildelings-/påleggsmeldinga frå kommunen.
- 2 For nye bygningar som har fått tildelt adresse, skal adresseskilta vera på plass før det blir gjeve bruksløyve eller ferdigattest for bygningen.

§ 4 Skilt som ikkje er i samsvar med §§ 1 og 2, kontroll og retting av manglar

- 1 Eksisterande skilt som ikkje har form eller plassering som fastsett i §§ 1 og 2 eller som er godkjent etter § 1 nr. 3, kan kommunen krevja at eigar/festar endrar slik at dei tilfredsstiller funksjonskrava i § 2 nr. 1 første ledd. Pålegg skal vera skriftleg og det skal setjast rimeleg frist for gjennomføringa. Dersom pålegg ikkje er gjennomført innan sett frist eller lengd frist etter søknad, kan kommunen gjennomføra pålegget for eigar/festar si rekning.
- 2 Brannvernet i kommunen skal føra tilsyn med at adressesystemet til ei kvar tid er skilta i samsvar med gjeldande regelverk og pålegg. Manglar skal meldast til vedkomande skiltansvarleg med rimeleg frist til å retta påpeika mangel.

§ 5 Iverksetting

Vedtekta gjeld frå ho er vedteken av kommunestyret.

Vedtekt til plan- og bygningslova § 105 om utforming og plassering av adresseskilt

Standard for tilvisingsskilt til husnummer

Storleik, utforming og materialval.

Skilt- og teksthøgde som for husnummerskilt; vanlegvis 150 mm og 105 mm. Lengda av skiltet må tilpassast lengda av skrift- og tal som skal vera på skiltet. Skiltet skal vera av same kvalitet og materiale som husnummerskilta, og ha **kvit reflekterande botn** med svart markeringsrand som desse. Tekst og tal skal vera i svart og plassert sentrisk i høve til topp og botn av skiltet. I den enden av skiltet som viser retninga ein skal gå for å finna fram til adressa, skal det vera ei svart pil der dette vil gjera det lettare å finna fram, jf. teikning. Tekst/tal skal plasserast sentrisk i det opne kvite feltet av skiltet. Frå tekst til svart kant i begge endar skal det minst vera 60 mm.

